

# Moshuset

Av Knut Raastad, 2017



Moshuset var husmannsbruk under Mo i Nordherad og ligg vest for Mo. Moshuset er også ofte nemnd som Moseie eller berre som Huse.

Manntalet 1666 viser ein husmann under Mo Lars Amundsen f.ca.1616, men om han er i Moshuset er usikkert.

Vi finn Moshuset nemnd frå 1784. Thore Larsen f.ca.1747 d.1818 vart 1784 gift med Marit Hansdotter f.ca.1756. Tore og Marit hadde 4 barn:

Ole f.1784, sjå nedanfor

Kari 1786-1839, neste brukar

Guri f.1788

Rønnov f.1792, g.m. Rasmus Knutsen Valdeie (Brun) f.1788

Ole Thoresen Moseie f.1784 var gift med Marit Eriksdotter. Dei hadde 2 barn:

Marit f.1816

Brith 1819-1819

Kari Toresdotter Moshuset 1786-1839 vart 1810 gift med Iver Andersen f.ca.1780 d.1839. Kari og Iver var på Stokstadeie i 1815 og 1817, men frå 1819 er dei nemnde på Mosejet. Kari og Iver hadde 8 barn:

Anne 1811-1839

Marit 1814-1893, g.m. Ole Hansen Hagen. I nedre Kleiven.

Anders 1817-1879, neste brukar

Thore 1819-1819

Mari f.1821

Kari 1823-1823

Kari f.1825

Hans f.1828, d.før 1839

Anders Iversen Moseie 1817-1879 vart 1845 gift med Kari Olsdotter Sundeeie 1822-1900 dotter til Ole Johnsen Sundeeie. Anders og Kari var husmenn i Moshuset etter folketelling både 1865 og 1875, dei hadde 7 barn:

Iver f.1845

Kari f.1849

Ole f.1852

Hans f.1856

Kari f.1859

Thor f.1863

Anders 1868-1873

Folketellinga 1900 viser ein ny familie i Moshuset. Ole Pedersen Bergehaugen 1860-1899 vart 1885 gift med Guri Pedersdotter Gjelbakken 1860-1938 og frå 1890 er dei nemnde i Moshuset. Dei hadde 7 barn:

Paul f.1884

Peder f.1886

Ymbjørg f.1888

Ole f.1890

Ole 1892-1953, neste brukar

Elias 1895-1984, budde i Moshuset og siste åra i Kattholstugu som vart flytta dit.

Anton f.1899

Ola Moshuset kjøpte Moshuset av Paul Mo i 1939.

Elias Sveum 1908-1996 overtok etter syskjenbarnet Ola Mushuset frå 1954. Elias Sveum var son til Johannes (ner) Sveum 1874-1948 og Kari Gjelbakken 1869-1951. Elias vart 1947 gift med Marit Rusten (Storsteinrusten) f.1915 dotter til Hans Sagrusten og Ingeborg Bjørnvollen (Sel). Elias og Marit hadde 2 barn:

Ingeborg f.1947, neste brukar

Else Marie f.1957, g.m. Terje Dahl

Ingeborg f.1947 vart 1967 gift med Olav Skogen f.1944 son til Ola P. Skjedsvold f.1895 og Kari K. Randen f.1902. Ingeborg og Olav overtok Moshuset i 1979, dei har eige like vest for Moshuset. Ingeborg og Olav har 2 barn:

Elin f.1968, g.m. Simon Stadeløkken f.1895

Arne f.1971

I 2012 vart Moshuset seld til Audun Heier og Marte Staude Heier.

I 1865 var det i Moshuset 2 kyr, 4 sauer og 4 geit. Det vart sådd 1 tønne bygg og 1/2 tønne poteter.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

Opplandarkivet Vågå: familieark, avskrifter kyrkjebok, grunnbok, pantebøker mm.

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900, 1910

1881.no

Manntal 1666